

Herand

TEMA: Skogen, sagbruket ①95,
Bønder og busetnad ①37
KART: ①443

Tveiti sag i HERAND er truleg den siste vassdrivne oppgangssaga som har vore i ordinær drift heilt opp til vår tid. Det har stått oppgangssag her sidan 1700-talet, og på den andre sida av elva ligg det tufter etter ei enno eldre sag.



Både oppgangssaga og sirkelsaga er vassdrivne.

Det er ei fleirblada oppgangssag som står her, med plass til 8 blad i sagramma. På denne måten kan ein skjera ferdige bord av ein heil tømmerstokk om gongen; ei effektivisering av dei eldre, einblada oppgangssagene, som den på Stekka i Kvam (①374). Tveiti-saga har både oppgangssag og sirkelsag, drive av kvar sitt underfallshjul. Saga ligg like ved fjorden. Tidlegare var det både ein saghop og eit tømmeroppdrag framfor saga. Dette er i dag borte, fylt ut av massane frå bygginga av eit stort oppdrettsanlegg ved fjorden framfor saga; eitt av

dei vanskelege kompromissa mellom vern og utvikling av nye arbeidsplassar. Til saga har det også høyrte ei «vassmerr»; eit stort vasshjul med kjetting som drog stakkane opp frå sjøen og saghopen. Oppgangssaga var i full drift til slutten av 1970, og leverte breie bord til båtbyggjarane. Dette er ein av grunnane til at oppgangssaga har vore halden så lenge i bruk i desse bygdene. Tveiti sag er freda som teknisk kulturminne og vart gjenopna i 1992 etter restaurering. Det er skipa ei eiga stifting som held saga i drift. □



384 Helleristningane på Bakko.

EI ANNA «BRUDEFERD» I HARDANGER

Alle kjenner det vakre målarstykket «Brudeferden i Hardanger» av Tidemand og Gude, eit av dei store klenodier i Nasjonalgalleriet.

Somme har i venleg respektløse for dette nasjonalromantiske meisterstykket knytt nemninga «brudeferd» også til ei anna biletfremstilling i Hardanger. Ho finst på garden Bakko i Herand, innhoggen i berg av ein ukjend kunstnar for kring 3000 år sidan.

Her er bilete av skip, ringar og geometriske figurar og – ulikt det ein elles brukar finna på vestnorske helleristningar – ei mengd bilete av menneske. Heile 23 menneskefigurar er funne på bergflatene på Bakko. Mellom desse er det fleire som er framstilte som par. Den kraftige kjønnsmarkeringa på den eine figuren i kvart par gjev lite rom for tvil om at det er mann og kvinne i kjønnsleg omgang bronsealderkunstnaren her ville syna. I nokre høve står fleire par etter kvarandre, mest som i eit slags opptog.

Ein kan gjerne undrast på kvifor slike motiv vart hogne inn i berget, tydeleg med tanke på at dei skulle vera synlege for folk. Var det «rampestrek» av same slaget som ein i vår tid ofte ser innrita på vegger i venteskur og offentlege toalett? Var det bronsealderens graffiti, eller kan det ha lege andre meiningar bak?

Somme granskarar finn det truleg at framstillingar som dette har med kultiske handlingar å gjera, og at desse handlingane høyrer til i ein krins av tankar og førestellingar som omfattar alt som har med avl og grøderikdom å gjera, i menneskelivet som i dyre- og voksterlivet.

Dei fleste av helleristningsfigurane på Bakko finst på to bergflater i eit dalsøkk, like nedanfor riksvegen (①6).

